

# FJELL KOMMUNE

## DETALJREGULERING – REGULERINGSFØRESEGNER FOR

jf plan- og bygningslova (PBL) § 12-7.

## ROP-HUSET GNR. 34 BNR. 520, 542 M.FL., -SØRE BILDØY

Saksnr. 2016/614

Nasjonal arealplan-ID 1246\_20160004

Vedteken dd.mm.åå

Sist revidert 16.06.17

### § 1

#### INTENSJONAR I PLANEN

- 1.1 Intensjonen med planframlegget er å omregulere til bustad/kontor-føremål.
- 1.2 Føresegner erstattar «Søre Bildøy plan-ID: 19880003» for regulert område.

### § 2

#### FELLESFØRESEGNER

(tbl § 12-7)

#### 2.1 Dokumentasjon ved søknad om tiltak

- 2.1.1 Ved søknad om tiltak skal det leggjast ved utomhusplan som viser plassering og utforming av leikeareal, planting, vegar, gangvegar/stiar, murar trapper, skjeringar, avkøyrslar, VA-anlegg og overvasshandtering, nettstasjon, miljøstasjon/avfallsstasjon, materialbruk og støyskjermingstiltak.

Utomhusplanen skal vise korleis uteoppahaldsareal følger krav til storlek, kvalitet, støyskjerming og prinsippa for universell utforming.

Utomhusplanen skal visa utforming og opparbeiding av terren, og korleis eksisterande terren blir best mogleg ivaretake ved forskellar i høgdenivå.

Utomhusplanen skal også visa eksisterande og framtidig terren, eksisterande og framtidig vegetasjon, forholdet til nabobygg, murar, trapper og gjerde.

- 2.1.2 Ved søknad om tiltak etter pbl § 20-1 skal det leggjast ved ei skriftleg utgreiing som viser korleis intensjonane i planen vert følgd.

2.1.3 Ved søknad om løyve til tiltak skal det leggjast ved illustrasjonar som viser fjernverknad og tilpassing til terren og landskap.

#### 2.2 Overvatn

2.2.1 Ved søknad om tiltak skal det gjerast greie for tiltak for infiltrasjon, drenasjevatn og overvatn frå tak og tette flater.

2.2.2 Val av jordtype og tilsåing skal utførast ut frå infiltrasjonsomsyn. Komprimering av grunn der det ikkje er naudsynt skal unngåast. Ved søknad om tiltak skal det vurderast bruk av ikkje-tette overflatedekke i staden for asfalt. Avrenning frå tette flater skal leia til terren, infiltrasjonsflater eller fordrøyningsmagasin. Naudflomveg må også vurderast/synleggjera i søknad.

#### 2.3 VA-rammeplan

2.3.1 VA-rammeplan skal leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering og byggesaksbehandling innanfor planområdet.

#### 2.4 Avfallshandtering og massedeponering

2.4.1 Avfall og overskotsmassar skal transporterast bort til godkjend fyllplass.

#### 2.5 Arkitektur, estetikk og kvalitet

2.5.1 Tiltak skal plasserast og utformast slik at området får ein god arkitektonisk og funksjonell heilskap i høve til eksisterande omgjevnader. Tiltak skal tilpassast eksisterande terren og vegetasjon, og følgje kommunen sine estetiske retningsliner.

2.5.2 Ved utarbeidning av byggjetiltak skal det leggjast vekt på bruk av miljøvenlege kvalitetar i val av materialar, vegetasjon og belysning.

2.5.3 Det er ikkje tillate med høge og skjemmande skjeringar og murar over 2,0 meter, eller fyllingar som dominerer landskapet.

2.5.4 Det skal ikkje nyttast refleksjonerende takflater. Fargebruk skal tilpassast strøkets karakter, den skal ikkje skile seg ut eller gje ein dominerande fjernverknad av planområdet.

#### 2.6 Landskap og terren

2.6.1 Tiltak skal underordnast landskapet på ein slik måte at det ikkje bryt med horisontalliner (åsprofilar og bakkekantar) eller kjem i konflikt/konkurranse med andre markerte landskapstrekk. Så mykje som mogleg av eksisterande vegetasjon skal bevarast.

2.6.2 Inngrep i terrenget skal minimalisertast, og det er ikke tillate med flatsprengde tomter eller skjemmande terrassering av landskapet. Skjeringar samt andre terrengeingrep skal plantast til med stadeigen vegetasjon for å minimere omfanget av inngrepa.

2.6.3 Bygg og anlegg skal tilpassast eksisterande terrenget. Det er ikke tillate å bygge opp eller spreng flatt terrenget for å unngå sokkeletasje på skrånande tomter eller tomter som naturleg krev sokkeletasje.

## 2.7 Universell utforming/tilgjenge

2.7.1 Bygg i o\_BKB skal vere universelt utforma.

2.7.2 Utrykkingskøyretøy skal ha tilfredsstillende tilkomst til alle bygg.

2.7.3 Minst 5% av parkeringsplassane skal utformast for rørslehemma.

## 2.8 Tilrettelegging for bosshandtering

2.8.1 Det skal etablerast tilstrekkeleg med miljøstasjonar for boss, papir m.m. Stasjonane skal skjermast/overbyggjast ut i frå omsyn til estetikk, tryggleik og forureining.

## 2.9 Støy

2.9.1 Alle nye bustadeiningar skal isolerast mot støy slik at innandørs støynivå held seg innanfor støygrensene i gjeldande støyforskrift. Uteoppaldsareal skal ha støynivå under 55dB. Bustadeiningar som har støynivå over 55dB ved fasade skal vere gjennomgåande med støyfølsame rom lengst bort frå støykjelda.

## 2.10 Byggegrenser

2.10.1 Nye tiltak skal plasserast innanfor byggegrensene. Tiltak nemnd i pbl § 29-4 b, samt støttemurar, skjeringar og parkeringsplassar kan plasserast utanfor byggegrensene.

## 2.11 Energibruk

2.11.1 I samband med byggesøknad skal det vurderast alternative energikjelder.

## § 3 REKKEFØLGJEKRAV

3.1 Avkørsle skal vere ferdig opparbeida før ferdigattest vert gjeven.

## § 4 EIGARFORM

### 4.1 Offentlige arealformål

4.1.1 Følgjande areal skal vere offentlege:

- o\_SKV er køyreveg
- o\_SV er veg
- o\_SF er fortau
- o\_SVG er anna veggrunn- grøntareal
- o\_BKB er Bustad/Kontor

## § 5 BYGG OG ANLEGG

(tbl § 12-5 nr.1)

### 5.1 Bustad/Kontor (o\_BKB)

5.1.1 I o\_BKB kan det etablerast offentlege bygg for bustad/kontor, brukarbustader, dagsenter og liknande knytt til drifta er tillate.

5.1.2 Byggehøgder og utnytting er sett i plankartet.

### 5.2 Uteoppaldsareal

5.2.1 Krav til minste uteoppaldsareal (MUA) er minimum 50 m<sup>2</sup> per buining der BRA er mindre enn 65 m<sup>2</sup>. Der BRA er større enn 65m<sup>2</sup> er krav til MUA min 100m<sup>2</sup> pr. buen.

5.2.2 Areala skal ha solrik plassering, ikke vere brattare enn 1:3, ha ein funksjonell form, skjermast mot ver, vind, støy og trafikk.

## § 6 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(tbl § 12-5 nr. 2)

### 6.1 Veg

6.1.1 SV er offentleg tilkomstveg til området og skal opparbeidast som vist i plankart med fast køyrestørkt dekke.

6.1.2 Pil for avkørsle er rettleiande.

### 6.2 Annan veggrunn

6.2.1 SVG skal nyttast til grøfter, skjeringar og fyllingar, teknisk infrastruktur og liknande. Areala skal plantast til med stadeigen vegetasjon.

## **6.3 Parkering**

- 6.3.1 Det skal opparbeidast 0,8 parkeringsplassar for bueiningane og 0,5-1 parkeringsplass per årsverk for dagsenteret.

## **§ 7 GRØNSTRUKTUR**

(tbl § 12-5 nr. 3)

## **7.1 Friområde**

- 7.1.1 I friområde o\_GF skal vegetasjon og landskap ivaretakast.

## **§ 8 OMSYNNSSONER**

(tbl § 12-6)

### **8.1 Frisiktsone ved veg** (tbl § 11-8 a)

- 8.1.1 Innanfor frisiktsona skal avkjørslar ha ei fri sikt på 0,5 meter over plan på tilgrensande veg.